

Besteforeldre frontar klimaaksjon i Knarvik

Organisasjonen Besteforeldrenes klimaaksjon kjem til Knarvik senter laurdag 16. april. Dei skal ha program på senterescena saman med mange lokale aktørar.

Av Anne-Lise Nordpoll

anne@strilen.no

– Me er ein landsomfattande organisasjon som er opptatt av klimautfordringar og framtida til våre borneborn. Vårt ambisiøse mål er at framtidige generasjonar

skal arva ein klode i økologisk balanse, skriv Thelma Kraft i ein e-post til avisa.

Besteforeldreaksjonen skal besøka 10-12 kommunar i Hordaland i løpet av 2016, og i samarbeid med lokale krefter skal dei kvar stad ha eit arrangement med fokus på informasjon og samtalar om klimautfordringa. Dei har funne ut at Knarvik er ein sentral stad i forhold til arbeid i fleire kommunar, og har fått med seg både 4H, Turlaget, Knarvikmila, Nordhordland vidaregåande skule og Vågen songkor til å delta

i programmet. Det vil også vera representantar frå Lindås kommune tilstades. Dei skal snakka om kommunen sitt klimaengasjement og klimaplan. I tillegg blir det innlegg av Vegard Frihammer om Greenstat, og Helene Frihammer om Klimapartnere. Det vil også bli klimaquiz der ein kan vinna premie frå Knarvik senter.

Måndag 18. april held klimadugnaden fram med ein temakveld på biblioteket i Knarvik, der professor Peter Hugan frå Bjerknessenteret ved UiB skal halda eit foredrag med tittelen:

«Klimaendringane - korleis kan desse løysast».

Besteforeldreaksjonen har fått støtte frå Hordaland fylkeskommune til prosjektet som har fått namnet «Klimadugnad Hordaland - deltakar eller tilskodar?».

Dei meiner at klimaendringane vanskeleg let seg gjennomføra utan lokalt engasjement, og difor vil dei gje Fylkeskommunen ei hjelpande hand.